

OK Energi AS (sus)

Kandalsvegen 1030, 6823 Sandane.

06.06.2019

Norges vassdrags- og energidirektorat- NVE

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

Kommentarar til innkomne høyringsuttaler, Neselva 2 kraftverk.

Konsesjonssøklar, OK Energi AS, vil med dette få kommentere to av høyringsuttalane som er innkomne i saka.

Kommentarar til Fylkesmannen i Vestland sine innspel.

Naturmiljø, landskap og friluftsliv.

Nesstøylen/Ytre Kandalsstøylen er ein av innfallsportane til Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde. Det er ikkje ein av dei største eller viktigaste innfallsportane til området, men har likevel fleire turstiar med støylen som utgangspunkt. Dei fleste køyrer bil til støylen, og nyttar området derifrå. Vassdraget har nok ein opplevingsverdi, men i liten grad samme opplevingsverdi i det omsøkte området, som lenger oppe i vassdraget. Alle fossar som er synlege frå støylsvegen, vil vere uberørte av ei eventuell utbygging.

Konsesjonssøkar har tilpassa søknaden til å kun omfatte den minste og nederste fossen i omsøkt konsesjon. Dette pga tidlegare avslag som til dels var grunna den prioriterte naturtypen «bekkekløft og bergvegg.» Dei største fossane vert ikkje berørte av ei utbygging, og fosseeng og fosseberg ved desse, vert uberørte. Den minste fossen er lite synleg frå støylsvegen. Dersom støy frå fossane er ein opplevingsverdi, er truleg den minste fossen og minst støyande. Dei større, og uberørte fossane, skapar nok og mest støy.

Avbøtande tiltak.

Planlagt minstevassføring i sommarhalvåret er frå konsesjonssøkar sett til 0,2 m³/s. Grunnen til at dette kan verke litt lågt, er at vassdraget har eit relativt stort flaumtap i vekstsesongen.

Samla belastning.

Antal kraftverk som er utbygde i Gloppen kommune, er høgt. Ein stor del av vasskraftpotensialet i kommunen er verna mot utbygging. Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde beslaglegg åleine eit potensiale tilsvarande all utbygd vasskraft i kommunen.

Kommentarar til Løvland/Ness sine innspel.

1. Kraftstasjonen er i denne konsesjonssøknaden plassert ca 450 meter i luftlinje frå deira nermaste bygning. I forrige søknad var denne avstanden ca 300 meter. Problemstillinga vart den gong ikkje kommentert. Kraftstasjonen er og plassert nermare elva, og på lågare punkt i terrenget enn forrige gong.
2. Det vil ved ei eventuell utbygging bli inngått avtale om bruk og vedlikehald av vegar mellom vegeigar og utbygger. Dette vil omfatte både anleggsperiode, og seinare driftsfase. Vegparsellen som uttalen omfattar, vert elles brukt kun til gjennomgangstrafikk. Alt arbeid vil føregå lenger oppe i terrenget.
3. Vi ser og at grøfta til kabelstrekking har ei uheldig plassering. Denne er naturleg å legge i grøft nermast muleg eksisterande vegar.

Med venleg helsing.

For OK Energi AS (sus)

Olav Fuglestrand